



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Hermund Mjelstad
Telefon: 57643124
E-post: fmsfhm@fylkesmannen.no

Vår dato
03.06.2013
Dykkar dato
18.02.2013

Vår referanse
2013/787 - 433.2
Dykkar referanse

Jørgen Asperheim
Dalavegen 29
6885 ÅRDALSTANGEN

Løyve til utsetjing av utanlandske treslag, Jørgen Asperheim - Årdal kommune

Vi viser til søknad motteke her 18.02.13 om utsetjing av utanlandske treslag.

Bakgrunn

Forskrift om utsetjing av utanlandske treslag vart vedteken i statsråd 25. mai 2012. Føremålet med forskrifta er å hindre utsetjing av utanlandske treslag som kan føre til uheldige følgjer for naturmangfaldet. Forskrifta trådde i kraft frå 1. juli 2012.

Om forskrifta

Forskrifta omfattar både utanlandske treslag til skogbruksføremål og produksjon av juletre og pyntegrønt. Bruk av utanlandske treslag i hagar og parkanlegg vil bli regulert gjennom ei eiga forskrift. Direktoratet for naturforvaltning har delegert ansvaret for den nye forskrifta til Fylkesmannen.

Den nye forskrifta inneber ikkje eit forbod mot utsetjing av utanlandske treslag, men kan opne for løyve etter søknad. Norske treslag treng ikkje løyve.

Forskrifta er heimla i naturmangfaldlova, som har eit eiga kapittel (IV) som regulerer innførsel og utsetjing av framande organismar, og omhandlar også utsetjing av utanlandske treslag.

Søknaden

Jørgen Asperheim, Årdal kommune, søker om utsetjing av tre for juletreproduksjon. På eit areal på 10 da skal det plantast ut 7000 tre til saman av *Abies lasiocarpa* (fjelledelgran) i 2013.

I Artsdatabanken sin publikasjon «Fremmede arter i Norge –med norsk svarteliste 2012» er fjelledelgran vurdert til å vere av låg risiko og har relativt lite spreingspotensial. Arten er ikkje på svartelista. For juletreproduksjon er spreingspotensial av mindre interesse då omløpstida er relativt låg, gjerne kring 10 år.

Vurdering av søknaden etter naturmangfaldlova §§ 8-12

Kunnskapsgrunnlaget § 8

Plantinga av juletre skjer på innmark som delvis er i ferd med å gro att. I nærområdet er det planta ut valbjørk og kirsebærtre frå før. I nærområdet til plantinga er det ikkje registrert naturverdiar som vi kjenner til i t.d. Naturbase. Ut frå den aktuelle produksjonen og risiko for

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

skade på naturmangfaldet, vurderer vi kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg opplyst. Vi vurderer heller ikkje at utsetjinga vil ha uheldige følgjer for naturmangfaldet, jf. nml § 4.

Føre-var-prinsippet § 9

Med dei vilkåra vi set, sjå nedanfor, ligg det ikkje føre risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet slik vi kjenner den kunnskapen som er tilgjengeleg. Føre-var-prinsippet vil difor ikkje vere aktuelt å nytte i dette tilfellet.

Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

Juletreproduksjonen er lagt til innmark som delvis er i attgroing. Vi kjenner ikkje til at området har spesiell verdi som slåttemark eller andre former for verdifulle og truga kulturmarkstypar. Når ein sikrar at det ikkje blir frøspreiing frå feltet, vil aktiviteten difor ikkje belaste noko økosystem ut over det som er tilfelle ved vanleg drift av innmark.

Kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar § 11

Naturmangfaldlova § 11 inneber at tiltakshavar må ta naudsynte kostnader med å sikre at det ikkje blir spreidd frø frå feltet, og at det ikkje blir ståande tre att og vekse dersom drifta av ulike grunnar skulle bli lagd ned.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar § 12

Denne paragrafen inneber at ein skal vurdere driftsmetodar, lokalisering m.v. for å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet. Det skal gjerast ei samla vurdering av tidlegare, nåverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve som gjev dei beste samfunnsmessige resultat. Tilplanting av innmark til bruk for juletreproduksjon er eit inngrep som er reversibelt. Når ein sikrar seg at feltet ikkje har spesielle verdiar knytte til kulturlandskap, og ein sikrar seg mot frøspreiing, vil tiltaket ikkje ha vesentlege uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 30 får Jørgen Asperheim med dette løyve til å setje ut juletre av arten *Abies lasiocarpa* på gbnr 29/1 (10 da) i Seimsdalen i Årdal på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for denne utsetjinga og éi påfølgjande utsetjing.
2. Løyvet gjeld eigedomen gbnr 29/1 på lokaliteten som er avmerkt i søknaden.
3. Dette løyvet skal takast vare på hjå tiltakshavar og grunneigar. Styresmakta som har tilsyn med tiltaket skal kunne kontrollere at vilkåra blir følgde og at utsetjinga er lovleg.
4. Den som har fått løyve etter forskrifta skal etablere og dokumentere internkontroll etter § 10 i forskrifta.
5. Dersom eigedomen blir overdradd til andre, pliktar eigar å informere ny grunneigar om løyvet og vilkår som er sette for å hindre spreiiing.
6. Skraptre og liknande som ikkje kan nyttast i juletreproduksjonen, skal vere fjerna når eit ordinært omløp for juletreproduksjonen er avslutta.
7. Utsetjing på dyrka mark krev løyve til omdisponering frå kommunen.
8. Den ansvarlege for utsetjinga skal varsle Fylkesmannen dersom det oppstår skade, eller fare for alvorleg skade, på naturmangfald i samband med utsetjing eller drift av juletrefeltet.

9. Dersom drifta av ulike grunnar skulle ta slutt utan ordinær innhausting, skal grunneigar varsle styresmakta som har tilsynsansvaret. Dersom ikkje grunneigar ønskjer å rydde feltet sjølv, kan styresmakta som har tilsynsansvaret rydde feltet for grunneigar si rekning.
10. Dette løyvet kan opphevast eller endrast i samsvar med naturmangfaldlova § 67.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Direktoratet for naturforvaltning innan 3 veker, jf. forvaltningslova. Ei eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Hermund Mjelstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Årdal kommune
Sabima
WWF